



**SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**  
SENTRALADMINISTRASJONEN  
Regionalavdelinga

Olje- og energidepartementet  
Energi- og vassdragsavdelingen  
Postboks 8148 Dep

0033 Oslo

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02 / 2351 - 95	
DATO 20 MARS 2003	
AN 501	LKSP
Vassdragsreg.	

Sakshandsamar: Idar Sagen tlf.dir.: 57 88 47 54 E.post: idar.sagen@sf-f.kommune.no

<b>Arkivkode</b> S00 &13	<b>Vår ref.</b> Arkivsnr.: 02/05080 L.nr: 005254/03	<b>Dykkar ref.</b>	<b>Dato</b> 17.03.2003
-----------------------------	---	--------------------	---------------------------

## HØYRINGSSAK - ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGSLOVA

Fylkesutvalet gjorde i møte 11.03.2003 slikt vedtak i saksnr 0027/03.


1. Fylkeskommunen går imot forslaget om at tidsavgrensa konsesjonar for offentleg eigde kraftverk skal omgjerast til tidsavgrensa konsesjonar med vederlagsfritt heimfall. Forslaget er direkte i strid med sentrale omsyn som nasjonal handlefridom, ressursforvaltning og grunnrenteinntekter. Andre omsyn som ressursbruk og konkurranse i kraftsektoren kan ivaretaast ved langt mindre omfattande endringar, utan å avvikle offentlege konsesjonærar sine tidsavgrensa konsesjonar utan heimfall.
2. Etter Sogn og Fjordane fylkeskommune si vurdering gjev ikkje det omsende høyringsdokumentet tilstrekkeleg grunnlag til å forholde seg til dei store og viktige spørsmåla som er reiste. Fylkeskommunen støttar difor fullt opp om at det skal settast ned eit offentleg utval som kan gå gjennom alle sider av saka. Det er viktig at utvalet vert breitt samansett, m.a. ved at fylkeskommunane som viktige partar i saka, vert representert. Utvalet bør m.a. greie ut:
  - Kva som skal til for å tilfredsstille EØS/ESA sitt krav om like konkurransevilkår.
  - Alternative løysingar med og utan heimfall. Kor robuste er dei ulike ordningane.
  - Skikkeleg vederlag til noverande eigarar dersom heimfall.
  - Korleis heimfalne verdiar skal fordelast, eksplisitt om fylkeskommunane skal ha rettar.
  - Fordelar og ulemper med utanlandsk eigarskap i norsk kraftsektor.
  - Kraftoppdekking i tørrår sett i høve til eigarskap og konsesjonslovene.
  - Konsekvensar for norske forbrukarar.
3. Fylkeskommunen er samd i at vasskraftressursane skal vere underlagt offentleg styring og kontroll, og at dette kan gjerast m.a. ved å oppretthalde heimfallsinstituttet.

Postadresse: Askedalen 2, 6863 LEIKANGER  
Besøksadresse: Fylkeshuset  
Bankgiro: 3781.07.00050

Telefon: 57 65 61 00 Telefaks: 57 65 61 01  
Org.nr.: 941 388 841  
E.post: postmottak.sentraladm@sf-f.kommune.no  
Internettadr.: <http://www.sf-f.kommune.no>

4. Fylkeskommunen støttar forslaget om at grensa for konsesjonsplikt etter industrikonsesjonslova §1 vert heva frå 1000 til 4000 naturhestekrefter. Derimot må dei kommunale rettane til konsesjonsavgift og uttak av konsesjonskraft framleis følgje den noverande grensa på 1000 naturhestekrefter.
5. Ut frå at det er eigedomsretten som gjev det sikraste grunnlaget for å hauste av verdiskapinga, går fylkeskommunen imot endringar som inneber at fylkeskommunane sin subsidiære forkjøpsrett etter § 9 i industrikonsesjonslova og fylkeskommunane og kommunane sin subsidiære førerrett etter § 10, vert fjerna.

Med helsing



Magne Skaar  
Fylkesdirektør

Idar Sagen  
Rådgjevar

Vedlegg: Saksutgreiing

Saksbehandlar: Idar Sagen  
Arkivsaksnr.: 02/05080

Vedlegg	1	av:	1
Sak:	02/2351-95		

 Arkiv: S00 &13

## ENDRINGAR I INDUSTRIKONSESJONSLOVA OG VASSDRAGSREGULERINGS- LOVA - HØYRING

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Etter Sogn og Fjordane fylkeskommune si vurdering gjev ikkje det omsende høyringsdokumentet tilstrekkeleg grunnlag til å forholde seg til dei store og viktige spørsmåla som er reiste. Fylkeskommunen støttar difor fullt opp om at det skal settast ned eit offentleg utval som kan gå gjennom alle sider av saka. Det er viktig at utvalet vert breitt samansett, m.a. ved at fylkeskommunane som viktige partar i saka, vert representert. Utvalet bør m.a. greie ut:
  - Kva som skal til for å tilfredsstille EØS/ESA sitt krav om like konkurransevilkår.
  - Alternative løysingar med og utan heimfall. Kor robuste er dei ulike ordningane.
  - Skikkeleg vederlag til noverande eigarar dersom heimfall.
  - Korleis heimfalne verdiar skal fordelast, eksplisitt om fylkeskommunane skal ha rettar.
  - Fordelar og ulemper med utanlandsk eigarskap i norsk kraftsektor.
  - Kraftoppdekking i tørrår sett i høve til eigarskap og konsesjonslovene.
  - Konsekvensar for norske forbrukarar.
2. Fylkeskommunen er samd i at vasskraftressursane skal vere underlagt offentleg styring og kontroll, og at dette kan gjerast m.a. ved å oppretthalde heimfallsinstituttet.
3. Fylkeskommunen går imot forslaget om at tidsuavgrensa konsesjonar for offentleg eigde kraftverk skal omgjeras til tidsavgrensa konsesjonar med vederlagsfritt heimfall. Forslaget er direkte i strid med sentrale omsyn som nasjonal handlefridom, ressursforvaltning og grunnrenteinntekter. Andre omsyn som ressursbruk og konkurranse i kraftsektoren kan i v aretakast ved langt mindre omfattande endringar, utan å avvikle offentlege konsesjonærar sine tidsuavgrensa konsesjonar utan heimfall.
4. Fylkeskommunen støttar forslaget om at grensa for konsesjonsplikt etter industrikonsesjonslova §1 vert heva frå 1000 til 4000 naturhestekrefter. Derimot må dei kommunale rettane til konsesjonsavgift og uttak av konsesjonskraft framleis følgje den noverande grensa på 1000 naturhestekrefter.
5. Ut frå at det er eigedomsretten som gjev det sikraste grunnlaget for å hauste av verdiskapinga, går fylkeskommunen imot endringar som inneber at fylkeskommunane sin subsidiære forkjøpsrett etter § 9 i industrikonsesjonslova og fylkeskommunane og kommunane sin subsidiære førerrett etter § 10, vert fjerna.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

---

Saksbehandlar: Idar Sagen  
Arkivsaksnr.: 02/05080

---

Arkiv: S00 &13

Prenta vedlegg:

- Brev av 29.11.2002 frå Olje- og energidepartementet
- Brev av 23.01.2003 frå Olje- og energidepartementet

Uprenta vedlegg:

- Høringssak om forslag til endringer i industrikonsesjonsloven og vassdragsreguleringsloven. Olje- og energidepartementet nov. 2002.

## Saksframstilling

### 1. Kva saka gjeld

Olje- og energidepartementet har sendt ut ei høyringssak med framlegg om endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova. Det mest vidtrekkande forslaget sett frå fylkeskommunen sin ståstad, er at konsesjonar for kraftverk som offentlege aktørar har på uavgrensa tid, skal omgjerast til tidsavgrensa konsesjonar med løpetid 75 år frå lovendringstidspunktet og deretter vederlagsfritt heimfall til staten. Vidare er det m.a. foreslått lemping på krav om konsesjon for små kraftverk og fjerning av reglane om offentlig forkjøpsrett og førerrett til å gå inn i bruksleige kontraktar.

Saka vart først sendt ut på høyring med frist 28.02.2002. Seinare er fristen endra til 31.03.03. Etter sterkt press frå mange av høyringspartane, bestemte departementet 10.02.03 at det skal settast ned eit offentlig utval som skal utgreie sakskomplekset på eit breiare grunnlag. Samarbeidande kraftfylke som representerer 14 fylkeskommunar i vasskraftsaker, derimellom Sogn og Fjordane, har bedt om å bli representert i dette utvalet. Høyringsrunda skal gjennomførast som planlagt, slik at uttalane kan vere ein del av grunnlaget for det vidare arbeidet.

Sogn og Fjordane er fjerde største kraftproduserande fylke i landet etter Hordaland, Nordland og Telemark. Årleg vert det produsert omlag 12 TWh innafor fylkesgrensene. Dette tilsvarer om lag 10 % av produksjonen i landet. I fylket er det i drift om lag 60 kraftverk med installert effekt over 1 MW (1.000 KW). Rammevilkåra for vasskraftsektoren, her under korleis avkastninga frå vasskraftproduksjonen vert fordelt, er difor svært viktig for fylket.

Distriktet kontrollerer diverre i lita grad eigne ressursar i dag, når staten, andre fylkeskommunar og kraftintensiv industri har hand om dei største vasskraftanlegga. Store deler av verdiskapinga vert dermed ført ut av distriktet og det må i staden tilbakeførast midlar frå staten. Dette er ei lite robust ordning sett frå distriktet sin synsstad.

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 48% av aksjane i konsernet Sogn og Fjordane Energi AS, som i dag tilsvarar verdiar i storleik 1,1 mrd. kroner. Det er svært viktig for fylkeskommunen at konsesjonsreglane ikkje vert endra, slik at eigaravkasting som den sikraste måten å få del i verdiskaping på over tid, fell bort.

### 2. Bakgrunn

Konsesjonslovgjevinga vart innført i 1909 for å sikre at vasskrafta ikkje hamna på utanlandske hender. Ein viktig del av gjeldande regelverk er at konsesjonar til private/privateigde selskap vert gitt med vilkår om at kraftverka med tilhøyrande anlegg skal tilfalle staten vederlagsfritt når konsesjonsperioden er ute etter 60 år. Staten har alt fått hand om ei rekke kraftverk på denne måten. Nokre er leigde ut/selt tilbake til dei opprinnlege eigarane for ein avgrensa tidsperiode, medan andre er tilført staten sitt kraftselskap Statkraft SF. For kraftverk eigd av

staten, fylkeskommunane og kommunane er reglane annleis, og det vert gitt konsesjonar på uendeleg tid. I dag er ca. 85 % av kraftverka eigd av norske, offentlege eigarinteresser.

I februar 2002 sende EØS-kontrollorganet ESA ut ein såkalla "Reasoned Opinion", der dei hevdar at norske reglar diskriminerer ulike kraftinteresser, og at reglane er i strid med EØS-avtalen. Norske styresmakter har avvist dette m.a. med bakgrunn i at det her gjeld ressursspørsmål som ikkje er omfatta av EØS-avtalen. Styresmaktene har likevel sett i gang eit omleggingsarbeid, jf. høringsbrevet som er sendt ut.

### 3. Høringsdokumentet

#### 3.1. Tidsavgrensa konsesjonar og heimfall til staten for alle (eigarnøytralt heimfall).

Det sentrale endringsforslaget i høringsbrevet er at private og offentleg eigde kraftverk skal bli stilte likt ved innføring av ei generell tidsavgrensa konsesjonstid på 75 år frå lovendringstidspunktet og deretter heimfall til staten (eigarnøytralt heimfall).

I tillegg til å imøtekomme EØS-innvendingane, hevdar dept. at denne endringa vil gje tilnærma like vilkår for alle marknadsaktørar, noko som legg til rette for å utvikle ein meir effektiv marknad for eigarskap av produksjonsselskap og dermed ei meir dynamisk næring. Dept. ventar at lovendringa vi føre til auka effektivitet og verdiskaping i kraftproduksjonen. Det vert vist til at offentlege eigarar til no har hatt fordeler ved at det ikkje har vore knytt økonomisk risiko til desse på grunn av heimfall, slik som for private eigarar. Kommunar som har hatt ønskje om å selje eigardeler, har hevda at dagens heimfallsreglar fører til låge prisar ved sal av kraftverk til private.

Dei nye reglane skal altså gjerast gjeldande for offentleg eigde kraftverk som i dag har konsesjonar på uendeleg tid. Dept. påstår i denne samanhengen at det kan gjennomførast heimfall for kommunale og fylkeskommunale kraftverk utan at det utløyser erstatningsplikt. Sett frå fylkeskommunen sin synsstad er dette meir inndraging eller konfiskering av verdiar, enn fornuftig ressursforvaltning.

##### 3.1.1 Langsiktig nasjonal handlefridom og ressursforvaltning

Dept. legg i sin argumentasjon til grunn at vassdraga er ein felles ressurs som over tid bør vere underlagt offentleg styring og kontroll. Fylkeskommunen er samd i dette som ein viktig grunn for oppretthalde heimfallsinstituttet, og ser på dette som meir robust enn m.a. skatte- og avgiftslovgevinga og reguleringslovgevinga for å nå måla om offentleg styring og kontroll.

Derimot kan vi ikkje sjå at avvikling eller vesentleg reduksjon av den offentlege eigarskapen i kraftsektoren, som i dag utgjer ca. 85% av produksjonskapasiteten, styrkjer offentleg styring og kontroll. Tvert i mot meiner vi at den offentlege eigarskapen i sektoren er den mest effektive måten å sikre offentlig styring og kontroll på. Heimfall gir slik kontroll av

kraftressursane ein gang kvart 75. år etter lovforslaget, medan offentleg eigarskap gir kontinuerleg styring og kontroll.

Fylkeskommunen kan ikkje sjå at styrings- og kontrollomsynet på nokon måte kan vere grunngeving for å avvikle eksisterande tidsavgrensa konsesjonar utan heimfall for offentlege konsesjonærar. Etter lova kan vilkåra for tidsavgrensa konsesjonar takast opp til almen vurdering kvart 30. år<sup>i</sup>.

Grunngjevinga for at lovgjevar i si tid opna for offentlege konsesjonar utan tidsavgrensing, var nettopp at trongen for offentleg styring og kontroll alt var ivareteken i kraft av eigarskapen. Heimfall var difor unødvendig. Den fylkeskommunale eigarskapen til vassdragsressursane er eit element i realiseringa av fellesskapet sin eigarskap i ressursane.

### 3.1.2 Sentralisering eller desentralisering ?

Fylkeskommunen meiner at dept. sine lovendringsforslag inneber ei sentralisering av den offentlege forvaltninga av vassdragsressursane. Langt større verdiar enn etter det eksisterande regimet vil frå tid til anna tilfalle staten som den totalt dominerande rettshavar til heimfalne verdiar. Primærkommunane sin del i heimfall er føreslått prosentvis redusert. Fylkeskommunane skal framleis stå utan rettar til heimfalne kraftverk, fall og reguleringsrettar. Samtidig misser kommunane og fylkeskommunane over tid alle eigarrettar til ressursane. I høyringsbrevet er det ikkje grunnlagt kvifor den offentlege styringa skjer betre på statleg enn på fylkeskommunalt og/eller kommunalt nivå.

Likevel heiter det i høyringsbrevet:

*"Gjeldende lovverk med hjemfall av kun en mindre andel av den totale kraftproduksjonen gir mindre mulighet til helhetlig vurdering av ressursbruken. Hjemfall i den nåværende form er derfor mindre tilfredsstillende som styringsinstrument." (Høyringsbrevet s. 29)*

Etter som auka heimfall må gå på kostnad av offentleg eigarskap, er resonnementet vanskeleg å følgje. Det føreset at offentleg eigarskap i kombinasjon med høve til revisjon av konsesjonsvilkår gir dårlegare offentleg styring enn heimfall.

I dei seinare åra har det såkalla subsidiaritetsprinsippet blitt allment akseptert. Det byggjer på at avgjerder bør takast på så lavt nivå i forvaltninga som mogeleg, og så nær dei som evt. får merke konsekvensane av avgjerdene. Den som står for sentralisering skal så å seie ha bevisbyrda. Dept. gjer ikkje noko forsøk på å oppfylle denne i si drøfting av lovendringsforslaget.

Fylkeskommunen sitt syn er at verdien av kraftressursane bør bli verande i alle fall delvis lokalt, og det same gjeld ressursstyringa. Sentraliseringskreftene i marknaden under dagens energilovgeving er i seg sjølv sterke nok. Desse kreftene treng ikkje hjelp av tidsavgrensa konsesjonar og heimfall for fylkeskommunalt eigde kraftverk.

<sup>i</sup> Revisjon vart i 1992 heimla i vassdragsreguleringslova § 10 nr. 3 og industrikonsesjonslova § 5a.

### 3.1.3 Grunnrente og offentlege inntekter

Fylkeskommunen deler departementet sitt syn på at grunnrenta<sup>ii</sup> bør tilfalle det offentlege<sup>iii</sup> og dermed fellesskapet. Det offentlege omfattar etter fylkeskommunen sitt syn ikkje berre staten, men både staten, fylkeskommunane og kommunane. Grunnrenteomsynet er dermed fullt ut ivareteke for vasskraftressursar med fylkeskommunalt eigarskap etter dagens regelverk.

Lovforslaget inneber at større deler av vasskraftressursane vil komme under kontroll av private eller utanlandske offentlege aktørar over tid. Ettersom departementet sitt resonnement føreset at andre verkemiddel, så som skattar og avgifter ikkje er tilstrekkeleg til å inndra grunnrenta, betyr det at grunnrenteomsynet vert svekka ved det lovforslaget som vert fremja. Heimfall vil etter fylkeskommunen sitt syn aldri kunne sikre ei like effektiv inndraging av grunnrenta, som offentleg eigarskap til naturressursane.

### 3.1.4 Ressursbruk og konkurranse i kraftsektoren

Departementet kjem under dette punktet med fleire argument for lovendringsforslaget. M.a. vil lovforslaget gjere det mogeleg for kommunar og fylkeskommunar å realisere ”mye b undet kapital i vannkraftproduksjonen”.

Fylkeskommunen er einig i at kommunar og fylkeskommunar bør ha høve til, dersom det er ønskjeleg, å frigjere kapital som er bunden i kraftproduksjonen, men kan likevel ikkje sjå at dette verken må eller bør gjerast ved å avvikle fylkeskommunane sine tidsavgrensa konsesjonar utan heimfall. Isolert sett tilseier ei marknadstilpassa kraftnæring at alle aktørar har like vilkår, men dette omsynet må vegast mot andre langt meir tungtvegande omsyn, slike som nasjonal handlefridom og ressursforvaltning.

Departementet synest å meine at det nye regimet vil vere ein styrke for fylkeskommunane, at det vert gjort dei ei teneste ved å innføre tidsavgrensa konsesjon og heimfall, og dermed gje desse eit sterkt incitament til å selje seg ut av kraftsektoren. Fylkeskommunen er sterkt kritisk til dette og meiner at lovendinga som foreslått, vil sette offentlege eigarar i ein økonomisk tvangssituasjon ved at eigartida blir tidsavgrensa og at verdien av ei realisering dermed blir redusert år for år, etter kvart som ein nærmar seg utløpet av konsesjonstida.

Etter evt. iverksetting av lovendringsforslaget er det grunn for å frykte sal av eigardeler utanlands. Ei av årsakene til dette er at dei noverande eigarane etter dept. sitt forslag om vederlagsfritt heimfall, vil bli utan kapital til å kjøpe tilbake kraftverka. Ei anna årsak er at Statkraft SF, som til no har vore det einaste selskapet som har hatt økonomisk styrke til å kjøpe opp kraftverk i Noreg, ikkje får lov til å ekspandere meir innanlands av omsyn til konkurransen i kr aftmarknaden. Fylkeskommunen meiner at ei slik utvikling vil redusere fellesskapet sine sjansar for kontroll med norske energiressursar og vil bryte radikalt med den snart 100-årige politikken i tråd med konsesjonslovene av 1909.

<sup>ii</sup> Meiravkasting utover avkasting på kapital og andre innsatsfaktorar på grunn av at vasskrafta er ein knapp naturressurs.

<sup>iii</sup> Grunnrenta kan også tilfalle fellesskapet ved forbrukarane gjennom låge kraftprisar.



Vi er i ferd med å legge bak oss ein vinter med lite kraft og høge energiprisar. Denne situasjonen har ikkje oppstått tilfeldig, men er eit resultat av energipolitikken. Det er for lite kraft i marknaden i høve til etterspørselen m.a. p.g.a. at Noreg stogga kraftutbygginga på 80-talet. I eit marknadsbasert system må energiprisane bli høge når etterspurnaden blir mykje større enn tilbodet. Den offentlege debatten har vist at korkje forbrukarane eller samfunnet elles er tente med denne situasjonen. Før nye gjennomgripande endringar i energisektoren vert sette i verk, må det vere fornuftig å løyse dei problema ein er oppe i. Spesielt må landet forholde seg til korleis problemet med tørrårssikring skal løysast. Før ein har klart føre seg kva som bør gjerast, bør ein vente med å legge opp til ei utvikling som vil føre til at kraftverka får utanlandske eigarar. Store utanlandske eigarar vil neppe vere enklare å handtere enn norske eigarar i slike spørsmål.

Dept. seier i avsnitt 3.4 s. 41 at tidsavgrensa konsesjonar med heimfall isolert sett vil virke tyngjande for noverande eigarar, men bagatelliserer reduksjonen i verdi ved å vise til at noverdiberekning av framtidige inntekter berre vil innebere ein verdireduksjon på 2-3%, med elles like føresetnader. Fylkeskommunen meiner her at vanleg noverdiberekning vil gje for lite uttelling for langsiktige verdier.

Noverdimetoden, slik den vanlegvis blir brukt i økonomiske berekningar, gjev om lag same resultat om ein reknar på 30-40 år og uendeleg tid. Det vil t.d. seie at ein likestiller det å selje eit kraftverk for all framtid, med å leige det same kraftverket ut for ein periode for 30-40 år til om lag same prisen. Ved bruk av metoden må det gjerast føresetnader om framtidig rente, kraftprisar etc..

Vasskrafta har truleg enno ikkje fått sin verkelege marknadsmessige, miljømessige og ressursmessige verdi. Dagens prisar er prega av at Statkraft SF reelt sett har vore einaste tilbydar. Vasskrafta har heller ikkje som ei rein energikjelde fått sin miljømessige verdi, jfr. Kyoto / CO<sup>2</sup>-problematikk. Vasskrafta har heller enno fått sin ressursmessige verdi, dvs. meirverdi pga. at vasskrafta er sjølvfornyande, samanlikna med konkurrerande energikjelder som for ein stor del er lagerressursar. Verdiauken pga. dei to siste forholda kan bli vesentleg.

Dersom det skulle bli iverksett reglar slik at offentleg eigde kraftverk blir underlagt heimfall, meiner fylkeskommunen at det må lagast opplegg som gjev skikkeleg vederlag på føremålstenleg tidspunkt for offentlege kraftverkseigarar.

### 3.1.5 Konsesjonslovene og EØS-regelverket

Ein del av bakgrunnen for høyringsbrevet som departementet har sendt ut, er som sagt at EØS-kontrollorganet ESA i februar 2002 sende ut ein såkalla "Reasoned Opinion" der dei peikar på at den norske konsesjonslovgjevinga ikkje er i samsvar med EØS-regelverket om etableringsrett og fri flyt av kapital. I si drøfting synest dept. likevel ikkje å legge særleg vekt på innhaldet i brevet frå ESA. Samarbeidande kraftfylke har for sin del fått vurdert spørsmåla som ESA tek opp juridisk, og har komme til at Noreg, gitt at EØS-avtalen skal halde fram, mest truleg ikkje vil komme utanom at konsesjonsreglane må bringast i samsvar med EØS-regelverket.

På den andre sida kan fylkeskommunen av bakgrunns materialet ikkje sjå at EØS-regelverket kan innebere at det må stillast krav om endringar i gjeldande tidsavgrensa konsesjonar. Dette gjeld spesielt konsesjonar som er gitt før Noreg slutta seg til EØS 1. januar 1994. Når vi vidare legg til grunn at EØS-avtalen sine ikkje-diskrimineringspåbod berre virkar framover i tid, kan tidsavgrensa konsesjonar som er gjevne før 1. januar 1994, ikkje vere i strid med EØS-avtaleverket. Dermed kan slike konsesjonar heller ikkje krevjast fjerna eller endra med heimel i EØS-avtalen. Dette synest også å vere ESA si oppfatning i konklusjonen i brevet av 20. februar 2002, der ordlyden må innebere at det er tida framover som tel, ikkje kva som er gjort historisk.

Konsekvensen av dette er etter fylkeskommunen sitt syn, at EØS-regelverket om like konkurransevilkår, kan imøtekomast ved det såkalla transaksjonsalternativet. Kommunenes Sentralforbund har komme med dette forslaget, som inneber at nye reglar om tidsavgrensa konsesjonar og heimfall til staten, berre skal gjelde ved omsetting av offentleg eigde kraftverk. Fylkeskommunen er med dette ikkje budd på å velje denne løysinga no, men den representerer eit alternativ som fortener ei grundigare vurdering enn det som er gjort i høyringsbrevet.

### **3.2 Grense for konsesjonsplikt etter industrikonsesjonslova**

Dept. foreslår å heve grensa for konsesjonsplikt etter industrikonsesjonslova §1 frå 1000 naturhestekrefter til 4000 naturhestekrefter som tilsvarar om lag 5 MW installert effekt.

Vinteren 2002-2003 med spesielt knapp tilgang på elektrisk kraft, men også den generelle forsyningssituasjon gjer det viktig å få lagt til rette for nyinvesteringar så fort som mogeleg. Det er framleis potensiale for småkraftverk ikkje minst i vårt fylke, og for å få utvikla prosjekta, er det fornuftig å arbeide for ein enklare konsesjonsprosedyre. Ut frå dette vil fylkeskommunen støtte forslaget om at grensa for konsesjonsplikt blir heva.

I økonomisk samanheng vil eit kraftverk med installert effekt på 5 MW ha ei årleg omsetning i storleik 3-5 mill kr. For så små anlegg bør statleg heimfall kunne sløyfast. Fylkeskommunen meiner derimot at dei kommunale rettane til konsesjonsavgift og uttak av konsesjonskraft framleis må følgje den noverande grensa på 1000 naturhestekrefter. Desse rettane vil m.a. vere med på å sikre noko av verdiskapinga for fellesskapet, dersom det i framtida skulle bli aktuelt å omsette eller leige ut småkraftverka, herunder til utanlandske interesser.

### **3.3 Reglane om forkjøpsrett og førerett til konsesjonspliktige rettar**

Industrikonsesjonslova har reglar om forkjøps- og førerett til konsesjonspliktige rettar. Formålet med forkjøps- og førerett etter lova er å gje det offentlege sjanse til å sikre eigarskap og bruksrett til ein ressurs som samfunnet av ulike grunner set høgare enn ein kjøpar i marknaden. Fylkeskommunane har etter § 9 i industrikonsesjonslova ein sekundær forkjøpsrett etter staten og fylkeskommunane og kommunane har etter § 10 høvesvis sekundær og tertiær førerett til å tre inn som part i bruksleigekontraktar. Dept. foreslår at desse rettane vert fjerna, ut frå at det gjennom endringsforslaga elles skal innførast rammevilkår som er nøytrale i høve til offentleg og privat eigarskap.

Ut frå at vasskraft er ein verdifull naturressurs med stort potensiale for verdiskaping og at det er eigedomsretten som gjev det sikraste grunnlaget for å kunne hauste desse på lang sikt, vil det vere eit tap for fylkeskommunane og kommunane om desse rettane skulle falle bort. Sett i samanheng med dei synspunkta vi har hevda i høve til forslaget om eigarnøytralt heimfall framafor, går fylkeskommunen imot at desse rettane vert fjerna.

#### **4. Nedsetting av offentleg utval**

Fylkeskommunen meiner generelt at høyringsbrevet har ei for smal tilnærming til så store problemstillingar det her er tale om. I drøftingane er det lagt for einsidig vekt på juridiske spørsmål og samfunnsøkonomi, og for lite vekt på andre faktorar som omfordelingseffektar mellom distrikt og sentrale strok, omfordelingseffektar mellom kommunar, fylkeskommunar og staten og omfordelingseffektar mellom folk flest og kraftverkesigarane. Eventuelle endringar i konsesjonslovgjevinga av eit slikt omfang som er foreslått, må difor utgreiast langt grundigare enn det som er gjort til no.

Fylkeskommunen støttar difor fullt opp om at det skal settast ned eit offentleg utval, som kan gå gjennom alle sider av saka. Det er viktig at utvalet vert breitt samansett, m.a. ved at fylkeskommunane som viktige partar i saka, vert representert.

#### **5. Konklusjon**

Jf. framlegg til vedtak.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑